

## REFERAT FRÅ FAU-MØTE BARNETRINNET SAND SKULE TYSDAG 30 MAI 2017

**Desse møtte:** Konrad Jårvik , Laila Vikse, Alf Rune Håranes, Marianne Myklebust, Torborg Fossan Steine, Øyvind Berge, Kathrine Husebø, Norunn Nerheim, Siri Helstrup, Linda Dahle.

**Desse møtte ikkje:** Tor Bjarne Smedsrød, Anders Tysseland, Odd Arne Strand, Camilla Vest, Morten Aarhus

### **Sak 1: Avlyst tur i til Avaldsnes til dei som som gjekk i 6 klasse i fjar.**

FAU v/Linda vil høyra med Svein Carlos om 7 klasse kan få kompensasjon for dette på ein eller annan måte. Ein annan tur? Ekstra avslutning før sommaren?

### **Sak 2: Bonolo, leiar av Brunsj A/S vil søkja om å starte kantinedrift på skulen.**

Bonolo presenterte ideen sin om kantinedrift på Sand skule. Ho gav ei grundig innføring i tanken bak tilbodet og tankar om korleis dette kan gjennomførast både økonomisk og praktisk. FAU er i utgangspunktet positive til dette, men har ikkje økonomi til å betale for eit slikt tilbod. FAU meiner at dersom dette skal realiserast, bør det bli eit gratistilbod til elevane. Dersom skulen skal betale for dette, vil det gå ut over andre ting i skulen, og det ønskjer ikkje FAU.

Vedtak:

- 1) FAU ønskjer å gå for dette dersom det finst økonomiske løysingar. Sponsing frå næringslivet?
- 2) Høyring ved hjelp av spørjeskjema til foreldra om dette er noko dei kan tenke seg.  
Linda kontakter Bonolo for å høre om ho kan tenke seg å utforme eit spørjeskjema.

### **Sak 3: Kommunikasjon mellom skulen og foreldra.**

FAU ønskjer betre kommunikasjon mellom skulen og foreldra. Til dømes ønskjer foreldre å vita når det er byte av lærarar i klassen eller endringar i leiarstillingar ved skulen.

### **Sak 4: Lærarressursar i skulen.**

Skulen får likevel behalde spesiallærarstillingar (1,5 stilling) etter nyttår. . Det er utover desse stillingane planlagt å kutte 4 lærarstillingar i Suldalsskulen. FAU vil jobbe for å kunne behalde desse 4 stillingane også.

Linda har elles fått eit skriv frå skulen i høve ressurstildeling og bruken av spesialundervisning. Dette kjem ho til å senda ut til Fau. Rektor har her lova å forklara dette skrivet på eit anna møte.

### **Sak 5: 10 klassesetur**

Formannsskapet vil ta 10 klassesituren vekk i noverande form, men turen skal behandlast i budsjettet. FAU ønskjer friske midlar frå kommunen til 10 klassesituren og å ta den vekk frå det totale skulebudsjettet for å unngå at det går ut over andre skuleturar i dei andre trinna.

### **Sak 6: SFO**

Laila har sendt brev/mail til Svein Carlos om sine erfaringar med SFO men har ikkje fått tilbakemelding endå.

FAU fekk forståing på eit tidlegare møte at det gjekk i orden å stenge SFO fire heile veker i staden for heile juli for å lette ferieavviklinga for mange foreldre. Dette ser ut som ikkje er tatt omsyn til i planen for denne sommaren. Linda tek kontakt med Svein Carlos om dette.

#### **Sak 7: Stolane til elevane.**

Ergoterapeut eller fysioterapeut har sett på stolane, men me har ikkje fått veta resultatet av dette endå.

#### **Sak 8: Kjøkkenutstyr til felleskjøkkenet på skulen.**

Norunn tek kontakt med Katinka om kva kjøkkenutstyr som trengst å kjøpast inn.

#### **Sak 9: Evaluering "nettvert dag og kveld" med "Barnevakten".**

Svært bra foredrag!

Dårleg oppmøte, betre å leggja det til ei anna tid på året? Betre annonsering neste gong.

Regelmessighet i foredrag om dette temaet? Til dømes kvart 2 år?

Økonomi: skulen: 5000 kr, rest luseaksjonen (sanitetene): 3000 kr, Mental Helse: 2000 kr.

Totale utgifter: Rett i underkant av 10 000

#### **Sak 10: Telefonen på skulen.**

Framleis frustrasjon over telefonen, men avventer det nye it-systemet som kjem til hausten.

#### **Sak 11: Felles skuleavslutning.**

- tysdag 13 juni klokka 17
- FAU møter 16.30
- Tor Bjarne, Norunn, Konrad og Alf Rune ordnar grillar.
- Alf Rune ordnar med innkjøp av grillkol og tennvæske.
- Siri skriv invitasjon til arrangementet.
- Linda handlar saft og kaffi
- Norunn høyrer med Morten om evt å ha brannbilen på plass i år som i fjor.

#### **Sak 12: St. Hans feiring på Neset.**

3 og 4 klasse er ansvarlege.

- 3 klasse har ansvaret for leikene.
- 4 klasse har ansvaret for stort bål, grillane og rydding
- Foreldrerepresentantane i 3 og 4 klasse skriver ein St.Hans-mal etter arrangementet.

#### **Sak 13: Foreldrerepresentantane sitt ansvar.**

Marianne og Camilla skriv mal om kven som kan stå på val som foreldrerepresentant.

Det bør også utarbeidast eit infoskriv til nye foreldrerepresentantar.

Kva er oppgåvane?

Rutine/mal for innkalling til foreldremøte, involvere foreldrerepresentantar

Kven skal skrive referat frå foreldremøta, lærarane?

Lik praksis i dei ulike klassane er ein fordel.

**Sak 14: Årshjul**

Siri lager eit årshjul.

Kva for klasse har ansvar for kva?

- 3 og 4 klasse har ansvar for St Hans arrangementet på Neset.
- 6 klasse har ansvaret for julefesten
- 7 klasse har ansvar for ope hus x 2 og avsluttande skuletur.

Årshjulet bør liggja fremst i FAU – permen. Det bør i årshjulet bli vist til rutinane for dei einskilde arrangementa.

**Sak 15: Svein Carlos si deltaking i FAU.**

Flott dersom rektor stiller på alle FAU-møta, men FAU ønskjer at den første timen er utan rektor til stades.

**Sak 16: Konstituering av nytt FAU.**

Konstituering av nytt FAU skal gjerast på første FAU-møte etter sommaren. Linda kallar her inn til nytt møte etter skulestart.

Referent: Torborg Fossan Steine

